

Tilskot til sogelag/historielag og lokalhistorisk arbeid

- søknadsskjema

Send skjema til Hordaland fylkesarkiv, P.B. 7900, 5020 Bergen, eller fylkesarkivet@hfk.no innan **15. mai 2016**.

Kontaktperson: Anne Aune, anne.aune@hfk.no, 55239956

1. Søkjar

Namn på søkjar:	Vener av Mjøsvågen		
Organisasjonsnr:	989664905		
Kontaktperson:	Lars Mjøs		
Adresse:	Hosanger, 5282 Lonevåg		
Telefon:	416 28 531	E-post:	lars@mjos.no
Skattekommune:	Osterøy		
Medlemstal:	26		

2. Søknad

Totalbudsjett:	Kr. 250.000.-	Søknadssum:	Kr. 30.000.-
Tidsskrift/publikasjonar:	Praktbok med næringsssoge for Mjøsvågen		

Skisse for prosjektet:

I dei verna sjøhusa i Mjøsvågen står minna på rekke og rad rundt heile den lune vågen. Her har det vore kisteverkstader, smier, treskoverkstad, metallstøyper, møbelfabrikk, gjerdenotfabrikk og dampskipskai med restar etter eit meieri. Det har også vore røykeri, skraphandel, farger, ullsko-produksjon, knottproduksjon, strømpefabrikk og meir til – eit eventyr av tiltakslyst og skaparglede gjennom generasjonar.

Sjå vedlagt kart.

I 2010 gjorde den ideelle organisasjonen Vener av Mjøsvågen ei stor innsamling, i form av intervju, av immaterielle kulturminne knytt til aktivitetane i dei gamle, verna husa i Mjøsvågen. Disse intervjuane er no ferdig transkribert og me ynskjer å nytta dette materialet i ei **Næringsssoge** som kan dokumentere dette spesielle naust- og verkstadmiljøet og gründeraktivitetane som starta der siste halvdel av 1800-talet. Dette er svært viktig for heilskapen av aktivitetane me no tilbyr i Mjøsvågen, men òg for ettertida.

Fylkeskonservator i Hordaland, Per Morten Ekerhovd, trur Mjøsvågen på sikt vil bli like viktig som Havråtunet:

«Havrå er blant dei viktigaste kulturminna i Noreg. Eg trur Mjøsvågen med tida vil bli vurdert på same måte, og at ein i framtida vil bli veldig glade dersom vi tek vare på det no.»
Bygdanytt 11. februar 2011.

Det var kring 1865 at dei tok til med å arbeida kister som vart leverte til handelshus i Bergen. I Mjøsvågen var det i si tid **5 kisteverkstader**. Første del av 1900-talet vart det òg produsert Amerikakoffertar der i tillegg til skrin, skipskister, verktøykister og koffertar. I ei felles kassadagbok frå 1904-1905 finn me at det òg er laga nokre få likkister.

I samband med kisteproduksjonen var det fleire **smier** i Mjøsvågen, her vart det laga beslag, hengsel, lister og lås til kister og koffertar. Ein av dei som starta opp som smed i Hosanger på midten av 1800-talet, var forløparen til Mjøs Metallvarefabrikk. Dette er i dag ei av dei største me-

tallvarefabrikkane på Osterøy med over 50 tilsette.

Ein av dei tidlegare kisteverkstadane vart til **Hosanger Treskofabrikk** i 1924. Der vart det produsert tresko fram til midten av 1950-talet. Eldskjeler starta i 2004 opp «Treskoverkstadens venner» i samarbeid med Osterøy museum. Dei restaurerte maskiner og utstyr og produksjonen av tresko vart tatt oppatt. Gjennom dugnad har både maskiner og bygning fått "nytt liv" etter 50 år utan drift. På Treskoverkstadene vart det no laga tresko for sal i sju ulike storleikar, etter dei opphavlege tomme-måla.

I 2001 vart Mjøs vågen verna gjennom regulering og i 2004 vart den ideelle organisasjonen **Vener av Mjøs vågen** etablert. Eldsjelene knytte til Vener av Mjøs vågen har vore primus motor i arbeidet med restaurering av kulturminne og ivaretaking av tradisjonelt handverk knytt opp mot naustmiljøet og lokale industritradisjonar. Arbeidet er prisløna. **Vener av Mjøs vågen mottok i september 2005 Arild Haaland sin vernepris på kr 50.000 for arbeidet** som var gjort for å ta vare på dei unike bygningane og som stimulans til vidare arbeid.

I Mjøs vågen har det vore satsa intensivt på restaurering og ivaretaking av dette miljøet og av overlevert kompetanse. Etterkvart har Mjøs vågen-satsinga vakse til å inkludere mange små verksemder som hentar impulsar både frå overlevert tradisjon, men som også inkluderer nye kunst- og kulturimpulsar.

Lokalhistorikar og leiar for Osterøy sogelag Geir Kleiveland skal skrive næringsssoga saman med Lars Mjøs og Åse Nilssen.

Geir Kleiveland har publisert mykje lokalhistorisk materiale blant anna i sogeskriftet «Osterøy i søge og samtid». Han har skrive Osterøy Bygdebok i 2 band.

Lars Mjøs arbeider som Industrikonsulent på Osterøy og er leiar for Vener av Mjøs vågen.

Åse Nilssen er kulturvitar og har vore prosjektleiar for Vener av Mjøs vågen sitt LivOGLyst-prosjekt i Mjøs vågen og Hosanger, frå 2008 til 2014. Ho har stått for innsamlinga og transkriberinga av intervjumaterialet.

Osterøy sogelag vil stå for utgjeving av boka og finansiere den del av trykkjekostnaden som me ikkje har fått innvilga tilskott til. Sogelaget har eit breitt kontaktnett og ei god heimeside der bøker kan kjøpast over nettet.

Prosjektet er tidlegare innvilga tilskott frå Hordaland fylkeskommune, næringsseksjonen; MIDLAR TIL SÆRSKILT VELLUKKA LIVOGGLYST-PROSJEKT:

NÆRINGSSOGA FOR MJØSVÅGEN – STIM1442014 (brev av 13.11.2014 og dykar ref.: 2014/22839-3).

Tilskottet er på inntil kr 45.000 med budsjetterte kostnader på kr 75.000 (eigeninnsats, honorar og trykking).

Pr 18.4.2016 er prosjektet innvilga forlenging til 1.5.2017. Grunnen til at me søkte om forlenging, var at me finn så mykje interessant stoff og har større ambisjonar for bokprosjektet enn først tenkt, både med tekst og bilete og at sentrale personar i arbeidet har hatt andre preterande oppgåver som no er fullførde.

Budsjett kostnader

Trykking	100.000
Honorar	50.000
Eigeninnsats	100.000
Sum	250.000

Finansiering

HFK Næringsseksjonen	45.000
Tilskot lokalhistorisk arbeid	30.000
Eigeninnsats	100.000
Osterøy sogelag/ andre	75.000
Sum	250.000

Mål og framdriftsplan for prosjektet:

Mål: Organisasjonen Vener av Mjøsvågen har no som mål, med Osterøy sogelag som utgjevar, å kunne publisere og selje ei praktbok med næringsssoga for det verna miljøet rundt Mjøsvågen. Me ønskjer ein god fagleg dokumentasjon samstundes som me får ei praktbok som skal ver lett å selje.

Intervjua er ferdig transkriberte. Me har og samla mykje arkivmateriale, notat og fotografi. Hausten 2016 og vinteren 2017 vil me skrive, fotografere bygningar og gjenstandar og redigere boka ferdig.

Me har som mål at Næringsssoga for Mjøsvågen skal vera ferdig i 2017.

3. Sammendrag av prosjektet (minimum 10 linjer):

Organisasjonen Vener av Mjøsvågen arbeider for å ta vare på det verna naust- og verkstadmiljøet ved Mjøsvågen på Osterøy gjennom aktiv bruk. M.a. driv våre medlemmer no treskofabrikk, kunstgalleri, fabrikkutsal, historiske utstillingar, konsertar og ikkje minst sommarsundagskafe med servering av ettertrakta middagar basere på mykje lokal mat. Dette gjev m.a. som resultat at fleire bygningar er restaurert og vert vedlikehaldne. Me har dokumentert litt av historia gjennom plakatar.

Me har arbeidd ei tid for å få dokumentert næringsssoga for det aktive småbedriftsmiljøet rundt Mjøsvågen. M.a. har me fått intervjuja mange eldre folk og har transkribert desse intervjua. Me har fått lokalhistorikar Geir Kleiveland med oss til å finne aktuelt arkivmateriale, både hjå Osterøy museum og i ofentlege arkiv og til å skrive næringsssoga. Og ikkje minst, Osterøy sogelag ønskjer å stå som utgjevar og å delta i finansieringa.

Planane var først å gje ut eit enkelt hefte. Undervegs syner det seg at me finn mykje interessant stoff og dokumentasjonsfoto. Me vil og fotografere gjenstandar som me og har bra tilgang til. Og me ønskjer å ta med oss også notida og har samla mange flotte foto av nyare dato. No ønskjer me å utvide dette til å lage ei praktbok der me gjer boka lesarvenleg m.a. med mykje gode bilete.

Dermed får me ein god, fagleg dokumentasjon samtidig som me får ei praktbok som me kan selje.

Søkjjarar som får innvilga tilskot, skal levere rapport for prosjektet innan 31.12.2016.